



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

ÅRSRAPPORT 2017

1. Leiarrapport

Grunnlaget for aktiviteten ved Nynorsksenteret (NSNY) i 2017 har vore *Oppdragsbrev for 2017* frå Utdanningsdirektoratet. Vi har i all hovudsak nådd måla i årsplanen. Tilbakemeldingane frå målgruppene våre er gode. Rekneskapen for grunnløyvinga endar også i 2017 nokså nær budsjett (97 %). I løpet av året har Nynorsksenteret hatt 11 tilsette i til saman 7,7 årsverk.

Året har vore prega av omorganisering. Våren 2017 vart det endeleg bestemt at dei ti nasjonale sentera skulle overførast frå Utdanningsdirektoratet til UH-vertsinstusjonane frå 1.1.2018. I løpet av forsommeren og hausten vart det avvikla mange møte for å førebu denne overgangen. Dei fleste lokalt ved Høgskulen i Volda (HVO), men også nokre i Oslo i Udir- og KD-regi. Prosessen har vore prega av godt samarbeidsklima og vilje til å finne gode løysingar for alle partar. Ved årsskiftet var dei viktigaste praktiske og personalmessige spørsmåla i samband med overflyttinga avklara, og overgangen til det nye arbeidsåret – det første med NSNY som ein fullt integrert del av HVO - har gått smertefritt. Organisatorisk er Nynorsksenteret plassert som ei sjølvstendig eining under Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning – på same nivå som dei fire faginstitutta.

Den faglege innsatsen i 2017 kan grupperast fem hovudkategoriar:

1. Nye/utvida nettressursar
2. Lese- og skrivestimuleringstiltak (både eigne prosjekt og med eksterne partnarar)
3. Språkløyper (i samarbeid med Lesesenteret og Skrivesenteret)
4. Formidling/marknadsføring (blad, nettside, sosiale medium)
5. Nettverksarbeid (Lærarutdannarar, vg-trinn, NOLES)

Arbeidet med Språkløyper-ressursar har vore prioritert også i 2017. Denne nasjonale satsinga på lese- og skriveopplæringa er viktig for Nynorsksenteret. Det er med på å profilere oss over heile landet.

Vi har vidareført satsinga på å marknadsføre tilboda våre i sosiale medium, særleg på Facebook og i bloggen *Iver*. Det har gitt betre kontakt med dei viktigaste målgruppene våre.

Nettverk for nynorsk i lærarutdanninga (etablert hausten 2015) og vidaregåande-nettverket (etablert våren 2016) har blitt viktige supplement i arbeidet med å nå desse gruppene. Særleg lærarutdanningsnettverket har vore ein god arena for debatt og erfaringsutveksling. Det kan sjå ut som stadig fleire UH-institusjonar blir medvitne om at dei må gi eit meir systematisk

tilbod for å heve nynorskkompetansen til lærarkandidatane. Men det er framleis svært langt att før tilbodet er slik det bør vere ved alle landets lærarutdanningar.

Vi har godt samarbeid om prosjekt med fleire eksterne samarbeidspartnarar. Saman med *Foreningen !les* gjentok vi suksessen frå 2016 med leseprosjekt *Tid for ti*. Målgruppa er sjuandeklassingar over heile landet. Fylkesbiblioteka på Vestlandet har vore samarbeidspartnarar i vidareføringa av *Klart vi les!* og *Nynorske lesegleddarar*, også det litteraturformidlingstiltak.

Nynorsksenteret har vidareført arbeidet i nettverket NOLES (Literacy i lærarutdanninga), saman med Skrivesenteret og Lesesenteret. I 2017 arrangerte vi ei samling ned med representantar frå 15-20 UH-institusjonar, inkludert 3-4 frå Sverige og Danmark. Vi har etter kvart funne ei form som fungerer godt, og som vi får gode tilbakemeldingar på frå dei som deltar på samlingane.

Kontakten med Udir har vore god, men mindre enn tidlegare år. Tre saker har prega senterleiarmøta: Omorganiseringsprosessen, fagfornyninga og den nye kompetansehevingsstrategien. Spørsmåla kring det første temaet er i all hovudsak avklara. Arbeidet med fagfornyninga er godt i gang, men her er det framleis langt opp og fram før ein er i mål. I haust leverte NSNY innspel til utviklinga av kjerneelement for norskfaget. Vi vonar Udir/KD vil bruke oss også vidare i prosessen, sjølv om vi no ikkje lenger er direkte underlagt Udir.

I Udir sin mal for leiarrapport er «vurdering av fremtidsutsikter» eit eige punkt. Kommentaren her kan delast i to:

1) Organisasjon og oppdrag. 2) Fagleg gjennomslag.

1) Den framtidige organiseringa og mandatet for dei nasjonale sentera har blitt avklara i løpet av 2017. I Stortingsmelding 21 (2016-17) og breva frå KD i samband med omorganiseringa blir det slått fast at dei nasjonale sentera trengst også i framtida i arbeidet for å styrke kvaliteten i barnehagen og skulen. Det gjeld i høgste grad vårt fagområde: nynorskopplæring. Det er i dag prega av manglande kunnskap om god praksis og av låg lærarkompetanse på alle alderssteg – frå barnehage til lærarutdanning.

Overføringa frå Udir til UH er ei heilt grunnleggande endring i rammevilkåra. HVO sine styringsorgan har no ansvaret, både fagleg og økonomisk. Korleis dette vil slå ut etter kvart, veit vi førebels lite om. I praksis er kjerneoppgåvene og prioriteringane av folk og ressursar om lag uendra. I alle fall på kort sikt. Den viktigaste endringa frå tidlegare år at vi no skal satse meir på å vere ein ressurs for lærarutdanningane. Sentralt her er samarbeid med UH-miljøa om å utvikle

etterutdanningstilbod i den nye kompetansehevingsstrategien. Dette gjer vi både via det etablere LU-nettverket og via eigen UH-institusjon. Fagleg ansvar for andre typar etterutdanningstilbod kan også vere aktuelt etter kvart.

2) Framtidsutsiktene for NSNY sitt faglege bidrag i nynorskopplæringa i norsk skule er vanskeleg å vurdere. Dette fordi nynorsken si stilling i skulen og samfunnet i stor grad er avhengig av politiske føringar og av makrotrendar i samfunnet som vi ikkje har innverknad på. Vårt fagområde har t.d. fått lite drahjelp frå nasjonale, politisk initierte kampanjar dei siste åra. Det er naturleg at vi er bidragsytar på den store lese- og skrivesatsinga *Språkløyper*, men nynorsk er ikkje spesielt framheva som eit satsingsomåde der heller.

Skulesentralisering og demografiske endringar med flyttestraum frå bygdene til byane er to andre faktorar som indirekte motarbeider oppdraget til Nynorsksenteret. Slikt er sjølv sagt uråd å vege eller måle sikkert. Det gjer det også uråd å kople ein eventuell nedgang i nynorsk som opplæringsmål med manglande kvalitet på det vi gjer – eller om nedgangen kanskje hadde vore endå større utan vår innsats.

Vi føreset at ordninga med formell likestilling mellom nynorsk og bokmål som nasjonale skriftspråk held fram i overskødeleg framtid. I Stortingsmeldinga *På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen* (Meld. St. 20 (2012-2013)) er det formulert slik: «Regjeringen vil opprettholde både bokmål og nynorsk som fullt utbygde, samfunnsbærende skriftspråk» (s. 69).

Dette prinsippet har det vore offentleg ordskifte om heilt sidan Ivar Aasens tid, men førebels er det ingen seriøse politiske parti som har foreslått å endre ordninga. På den andre sida er det stadig press frå ulikt hald om å endre gjeldande lover og forskrifter om språkbruk i ei retning som i praksis vil svekke nynorsken si stilling i Noreg.

Ei ny språkløve og nye ramme- og læreplanar for barnehage og skule kan endre grunnlaget for nokre av dei oppgåvene NSNY har i dag. Men dersom Stortinget held fast på gjeldande overordna målsetjing for norsk språkpolitikk, vil eit UH-basert fagmiljø med vår spisskompetanse har gode føresetnader for å spele ei viktig rolle i utdanningssystemet også i framtida.

Volda, 19. februar 2018
Torgeir Dimmen
Senterleiar

2. Introduksjon til verksemda

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa vart oppretta i januar 2005. Det er eit nasjonalt senter underlagt Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet. Senteret vart oppretta og til og med 2017 styrt etter § 1.4.4. i Universitets- og høgskulelova. Fagleg styring har skjedd etter årlege oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet. Administrativt har senteret blitt styrt frå vertsinstitusjonen Høgskulen i Volda (HVO).

Samfunnsoppdraget til Nynorsksenteret er todelt. Saman med dei andre nasjonale sentera skal vi bidra til at den opplæringa som føregår i barnehagar og skular byggjer på kvalitetssikra kunnskap om kva som er god undervising og at opplæringa er i samsvar med vedtekne rammeplanar og læreplanar. I tillegg har Nynorsksenteret ei viktig rolle som aktør for å nå måla i den offisielle norske språkpolitikken, slik han er uttrykt i St.meld. 23 (2007-2008) *Språk bygger broer* og St.meld. 35 (2007-2008) *Mål og Mening – ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Etableringa i 2005 var elles ei direkte oppfølging av St.meld. 30 (2003-2004) *Kultur for læring*, der etableringa av eit nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa vart nemnt eksplisitt.

Nynorsksenteret har i alle år hatt som mandat å «bidra til auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa. Senteret skal vidare bidra til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa.» For å oppfylle dette mandatet samarbeider vi først og fremst med skule- og barnehageeigarar, tilsette i grunnopplæringa og UH-sektoren. I tillegg har vi mykje kontakt med interesseorganisasjonar, institusjonar og private føretak som arbeider for å fremje forståinga for og bruken av nynorsk i Noreg.

I desember 2017 er det 11 tilsette ved Nynorsksenteret. Ni er fast tilsette i rådgjevar- eller lektorstillingar, ei er i eit engasjement som varer til sommaren 2018. Nokre av dei fagtilsette har hatt heil eller delvis permisjon i 2017, av ulike årsaker (phd-stipend, studiepermisjon, deltidsengasjement ved HVO). Samla tal årsverk er difor 7,7. Torgeir Dimmen vart tilsett som senterleiar i januar 2012 i eit fireårig åremål. Hausten 2015 vart han reengasjert i eit nytt åremål frå 1.1.2016 til 31.12.2019.

Nynorsksenteret har heilt sidan starten i 2005 hatt eit eige fagråd. Dei siste åra har det hatt fem medlemmer. Dette er fagpersonar med litt ulik kompetanse innanfor fagfeltet nynorskopplæring. Fagrådet har ikkje noko formell mynde over drifta av senteret, men fungerer som eit forum der leiaren og dei tilsette kan ta opp og drøfte overordna problemstillingar knytt til mandatet og oppdragsbrevet. I 2017 vart det avvikla to møte i fagrådet, eitt i kvart halvår.

Pr. desember 2017 har fagrådet slik samansetjing: Randi Solheim (1. amanuensis/forskar NTNU), Karen Marie Kvåle Garthus (avdelingsleiar Valdres vg. skule), Birgitte Fondevik (1. lektor HVO), Knut Åge Teigen (oppvekstsjef Luster kommune), Kjell-Arild Madssen (HVO), Synnøve Marie Sætre (formidlar Ivar Aasen-tunet). Fagrådet vil bli reorganisert i 2018.

Nynorsksenteret er ein liten og oversiktleg organisasjon med minimal administrasjon. I tillegg til leiaren brukar vi berre 0,5 årsverk på ei rein administrativ stilling. Resten av dei tilsette arbeider i all hovudsak med faglege oppgåver. Den viktigaste grunnen til at vi kan bruke ein så liten del av den årlege løyvinga til administrasjon, er at vi er ein heilt integrert del av HVO-systemet for personal, arkiv, fakturaer, IT og anna teknisk drift. Desse tenestene betalar vi for gjennom dekningsbidraget til vertsinstitusjonen.

Det er vanskeleg å vurdere om ressursbruken vår er «effektiv». Vi får jamt over gode tilbakemeldingar på kvaliteten på det vi gjer, både frå dei viktigaste målgruppene og Utdanningsdirektoratet, men det aller meste av dei tenestene vi leverer med utgangspunkt i oppdragsbrevet kan ikkje teljast og målast på ein enkel måte.

Nøkkeltal frå årsrekneskapan (alle summar i 1000 kr)

	2017	2016	2015	2014
1 Årsverk	7,7	8,5	9,3	8,7
2 Samla tildeling frå Udir*	7900	7700	7256	8676
3 Utnyttingsgrad av tildeling 2017	100 %	103 %	129 %	110 %
4 Driftsutgifter**	7985	7918	10023	9440
5 Lønsandel driftsutgifter	71 %	72 %	62 %	61 %
6 Lønsutgifter pr. årsverk (inkl. sosiale kostnader)	732	674	669	662
7 Dekningsbidrag til HVO (i kr. og prosent av grunntildelinga)	1062/13 %	1091/14 %	1154/15 %	1023/13 %

* **2017**, 2016 og 2015: Berre grunnløyving. 2014: Grunnløyving + løyving til senterspesifikke oppgåver i oppdragsbrevet.

** Samla kostnad for oppdrag i fellesdelen i oppdragsbrevet + senterspesifikke oppgåver.

3. Årets aktiviteter og resultat

Vi får gode tilbakemeldingar, både frå stadig fleire brukarar og frå Udir. Det er inspirerende signal om at vi gjer mykje rett. Det er likevel eit lite presist mål på om det vi gjer fører til «auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnsopplæringa» og om «senteret bidrar til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnsopplæringa».

Det er vanskeleg å gjere ei objektiv vurdering av «måloppnåelse på alle hovedområdene». Vi kan lage tabellar og oversyn over produserte ressursar, deltaking på seminar og fagdagar, prosjektaktivitet og publisering. Klikk på nettet er også lett å måle. Alt dette har vi gjort, og det er oppsummert i vedlegg 1, 2 og 3.

Kursivert tekst i oppsummeringane under er henta frå Oppdragsbrev 2017.

Hovudområde 1: Rammeplan- og læreplanrelatert verksemd

Sentera skal bidra til å formidle, utvikle, vidareutvikle, oppdatere og kvalitetssikre gratis støtte- og rettleingsmateriell som viser korleis barnehagar og skular kan forstå og arbeide med rammeplanen og læreplanverket. Sentera skal bidra i arbeidet med utvikling og implementerin g av rammeplan og læreplan

Aktiviteten på dette hovudområdet kan delast i fire: Formidling, ressursutvikling, prosjekt og fagplanarbeid.

Formidling:

Den viktigaste kanalen er eiga nettside med tilhøyrande sosiale medium. Alt tyder på at vi når flest og med best geografisk spreining via nettet, inkludert Facebook-aktivitet og blogginnlegg. Dette arbeidet har vore prioritert dei siste åra, og statistikken viser at stadig fleire finn fram til og brukar nynorsksenteret.no (vedlegg 2). Nokre trykksaker blir produserte i store opplag. Det gjeld m.a. teiknserieklassikaren *Nynorsk på 1-2-3*, brosjyrar med boktips for ulike aldersgrupper og meldingsbladet *Nynorskopplæring*. Vi har hatt mange innlegg på fagsamlingar og konferansar. Særleg aukar talet på førespurnader om innlegg i ulike typar regionale eller lokale nettverk, t.d. for norsklærarar og barnehagetilsette. Dette er oppdrag vi gjerne tar. I 2017 har vi ikkje arrangert store konferansar eller fagsamlingar sjølv. Slike arrangement kan vere viktige for å profilere oss regionalt eller nasjonalt, men innlegg på samlingar arrangert av andre er gjerne vel så effektivt for å nå ut til nye brukarar. Vi har også publisert innlegg i fagtidsskrift, dagspresse og bloggar, og vi har hatt stand på konferansar, anten åleine eller saman med andre nasjonale senter.

Det to overordna måla med formidlingsarbeidet er å opplyse og bevisstgjere lærarar og barnehagetilsette (og skule- og barnehageeigarar) om vilkåra for nynorskopplæring i Noreg i dag og å motivere for meir og betre nynorskopplæring. Vi tilbyr ressursar som lærarar og barnehagetilsette kan bruke for å nå desse måla. Tilbakemeldingane på formidlingsarbeidet vårt er jamt over svært gode, men å måle effekt på ein sikker og objektiv måte er uråd. Til det er det altfor mange andre faktorar utanfor vår kontroll som påverkar haldningane og den pedagogiske praksisen til målgruppene våre.

Ressursutvikling:

Vi har vidareutvikla og utvida mange av nettressursane våre, og vi har utvikla nokre nye. I 2017 har vi m.a. utvida basen *nynorsk bok.no* kraftig, vi har laga egne undervisingsopplegg til nokre bøker og vi har produsert fire podkastar med forfattarintervju. Nettressursen *Berte og Iver* – for målgruppa barnehage og småskule - er revidert og tilrettelagt for alle slags skjermar, og vi er godt i gang med å lage ein ressurs med utgangspunkt i røynslene frå bibliotekprosjektet *Nynorske Lesefrø*. I tillegg kjem ressursane vi har laga til *Språkløyper*.

Prosjekt

Dei siste to-tre åra har vi sett i gang færre nye prosjekt enn det vi gjorde i åra før. Vi har i staden valt å prioritere vidareføring av eksisterande prosjekt som vi ser fungerer godt. Denne strategien gir god ressursutnytting. Fleire av dei fleirårige prosjekta har vi utvikla saman med gode eksterne samarbeidspartnarar. Døme på dette er ordninga *Nynorske leseledarar* (saman med tre fylkesbibliotek), litteraturformidlingsaksjonen *Tid for ti* (saman med Foreningen !Les) og *Klart vi les* (saman med Ivar Aasen-tunet og to fylkesbibliotek). Fleire av prosjekta har også gitt grunnlag for å utvikle nye læringsressursar, til bruk for heile landet.

Fagplanutvikling

Nynorsksenteret har levert innspel til arbeidet med kjerneelement i norskfaget. Offisiell norsk språk- og opplæringspolitikk ligg i botnen for all aktivitet ved Nynorsksenteret. I møte med målgruppene våre har vi difor lagt stor vekt på å knyte ressursane og prosjekta våre til aktuelle formuleringar i gjeldande rammeplanar og fagplanar.

Hovudområde 2: Kompetanseutvikling

Sentera skal ta initiativ til samarbeid med barnehageeigarar og skuleeigarar og UH-sektoren/lærarutdanninga for å utvikle planar og modellar for kvalitetsutviklingstiltak og implementering av kunnskap om god praksis. Sentera skal bistå i nasjonale satsingar etter oppdrag frå direktoratet.

Det viktigaste bidraget frå Nynorsksenteret på dette hovudområdet er dei mange møta vi har med barnehage- og skuleeigarar i samband med prosjekta våre og på regionale og kommunale fagdagar. Det har vore fleire slike oppdrag i 2017 enn nokon gong før.

Nynorsksenteret har vore på fleire samlingar og møte om den desentraliserte kompetansestrategien, både med nasjonalt perspektiv og i eigen region (Møre og Romsdal). Målet er å kome i posisjon til å bidra både i eigen region og elles i landet. Vi har hatt mykje kontakt med dei som er involverte i arbeidet med dette ved Høgskulen i Volda. I tillegg har vi vore i kontakt med Skrivesenteret og Høgskulen på Vestlandet om mogleg samarbeid. Ingen avtalar klare i 2017.

Vi er involverte i fleire ulike nettverk som driv erfaringsdeling og kompetanseheving. NOLES (Literacy i lærarutdanninga) er det eldste (sjå omtale i sentera spesifikk del av årsrapporten). Nettverket for nynorsk i lærarutdanningane vart etablert i 2015. Det har samlingar to gongar i året, og dei fleste LU-institusjonane i Noreg er med. Vi driv også eit nettverk for vidaregåande-skular og vi er med som observatør i UH-nett Vest si nynorsk-gruppe. Hausten 2017 vart det ved Høgskulen i Volda etablert tverrfaglege forskingsgrupper for nynorsk skriftkultur og for literacy i barnehagen. Fleire av dei NSNY-tilsette er med her.

Hovudområde 3: Dokumentasjon og analyse

Sentera skal samle, systematisere og formidle resultat frå forskings- og utviklingsarbeid til sektorane. Sentera skal kjenne til og bruke eit breitt og relevant eksisterande kunnskapsgrunnlag i arbeidet sitt.

Grunnlaget for det vi formidlar til målgruppene våre og for utvikling av eigne læringsressursar er eksisterande kunnskap om språkopplæring. Vi legg stor vekt på at det vi publiserer på nett, papir og munnleg er i samsvar med gjeldande forskning på aktuelle fagområde. Fagleg oppdatering for dei NSNY-tilsette er difor prioritert. Dette skjer først og fremst ved deltaking på fagkonferansar og ved jamleg kontakt med relevante fagmiljø ved UH-institusjonar og andre nasjonale senter. Vi deltar i mange nettverk - både formelle og uformelle, lokalt og nasjonalt. (Jf. omtale av nettverka i førre avsnitt.)

I 2017 har tre NSNY-tilsette levert bidrag i antologien *Nynorsk med dei minste* (red. I. B. Budal og E. Bjørhusdal). Dette er den første fagboka som har nynorskopplæring i barnehagen som tema. Målgruppa er først og fremst studentar og tilsette på barnehagelærerutdanningane. NSNY-tilsette har også publisert artiklar i fagtidsskrift og deltatt i den offentlege debatten med artiklar og kronikkar i papir- og nettaviser.

Hovudområde 4: Kommunikasjon og samarbeid

Dei nasjonale sentera skal samarbeide om oppgåver i oppdragsbrevet og samordne formidlingstiltak der det høver fagleg. Sentera skal samarbeide med fylkesmannsembeta, Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning, Statped, Senter for IKT i utdanninga, universitet og høgskular og andre relevante aktørar der dette høver fagleg. Sentera skal vidareføre nettverkssamarbeidet mellom nettedaktørane og legge til rette for at sentera sine nett-tenester framstår meir einskapleg for målgruppene. Brukarperspektivet skal vere sentralt. Sentera skal på nettsidene sine ha lett tilgjengelig informasjon og tilby oppdatert støtte- og rettleiingsmateriell som kan nyttast i lokale implementeringsprosessar.

Sentersamarbeidet har vore godt i 2017, og det er semje om at dei ti sentera skal ta vare på nettverket også etter omorganiseringa. Tettare samarbeid om å marknadsføre ressursane til dei ti nasjonale sentera er eitt aktuelt prosjekt. AU for senterleiargruppa har vore observatørar på utdanningsdirektørane sine samlingar hjå Udir. NSNY har også hatt kontakt direkte med FM i Møre i Romsdal, vi har deltatt i ulike UH-nettverk og er medlem i Nynorsk forum.

NSNY si nettside har blitt oppdatert og revidert på vanleg måte i 2017. Ei større omlegging er planlagt i 2018. Målet er å gjere sida endå meir brukarvennleg.

VEDLEGG:

Vedlegg 1: Rapport om senterspesifikke oppgåver.

Vedlegg 2: Besøksstatistikk for Nynorsksenteret sine nettstadar med vurdering av utviklinga dei siste fem åra.

Vedlegg 3: Rekneskapsrapport for 2017.

VEDLEGG 1: Rapport om senterespesifikke oppgåver

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Senterespesifikke oppgåver for 2017	Resultat og rapporteringskrav for 2017	Avvik JA / NEI	Kommentar
Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning skal i forbindelse med «Nasjonal strategi for språk, lesing og skriving» utarbeide ein plan for samarbeid med andre nasjonale sentre for utvikling av nettressursar. Nynorsksenteret skal bidra i arbeidet med å utvikle kompetanseutviklingspakker i <i>Språkløyper</i> slik det er beskrive i denne planen.	Senteret har samarbeidd med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning i å utarbeide kompetansepakker.	NEI	Nynorsksenteret har utvikla fleire ressursar til <i>Språkløyper</i> etter avtale med prosjektleiinga ved Lesesenteret. Vi har deltatt på nokre planleggingsmøte i Stavanger, og fått god rettleiing undervegs i arbeidet frå ressurspersonar ved Lesesenteret. Arbeidet med <i>Språkløyper</i> har vore tidkrevjande. Kompetansehevingspakkene <i>Nynorsk sidemål for ungdomsskolen</i> (sju økter) og <i>Nynorsk sidemål for vidaregåande</i> (seks økter) er ferdige. Pakka <i>Korleis bruke fleire kjelder om same tema</i> (samarbeid med Wenke M. Rogne HVO) er framleis under arbeid.
Senteret skal i samarbeid med Lese- og Skrivesenteret drifte og lede det faglege nettverket NOLES (Literacy i lærarutdanninga)	<ul style="list-style-type: none">• Nettverkssamling gjennomført i samsvar med mandat og plan.• Nettverket har bidratt til praksisnærleik og relevans i kompetanseutviklingstilbod.• Den fagdidaktiske kompetansen til høgskulen og universiteta er styrka.	NEI	Nettverkssamling gjennomført på Schæffergården (ved København) i mars 2017, i samarbeid med Nationalt Center for Læsning (DK). Dette har vore med på å auke forskingsaktiviteten blant NOLES-deltakarane. Den fagdidaktiske kompetansen til lærarutdannarar ved høgskular og universitet er styrka, og det har gjort kompetansetilboda ved LU-institusjonane meir praksisnære og relevante.

VEDLEGG 2: Besøksstatistikk for Nynorsksenteret sine nettstadar med vurdering av utviklinga dei siste åra

NB: Treff på NSNY-produserte pakkar og einskildressursar som er publisert i portalen *sprakløyper.no* kjem i tillegg.

NETTRESSURS	2017	endring 16-17	2016	2015	2014	2013	2012
Nynorsksenteret.no	118 986	+10 %	107 732	94 715	70 219	64 886	50 209
Nynorsk bok.no	79 272	+49 %	53 047	41 788	34 302	27 366	26 807
Aktivitetssidene <i>Berte og Iver</i>	7 630	-16 %	9 110	8 701	8 378	10 843	13 911
Teikneseriar	33 398	0	33 618	31 399	25 465	26 052	23 846
Tekstbasen	15 501	-13 %	17 743	18 367	16 864	11 735	7 401
Typisk nynorsk	4 683	-27 %	6 379	6 399	6 090	7 331	5 179
Arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege	8 970	-14 %	10 466	9 079			
Bloggen <i>Iver</i>	16 554	+106 %	8 045				
<i>Følgjarar på Facebook (pr. 31.12.)</i>	7 800	+10 %	6 244	3 496			
<i>Boktipskalender (1.-24.12.)</i>	Kvart klipp 1-2 minutt. Litt varierende tal treff frå dag til dag. Til saman er dei 24 klippa sett 30 000 gonger.						

- Den systematiske satsinga på Facebook viser at i talet på følgjarar. Her når vi direkte ut til lærarar, barnehagetilsette og foreldre, og FB er eit godt supplement til dei andre nett- og papirbaserte kommunikasjonskanalane.
- Dei siste åra har vi satsa ekstra på å utvide og marknadsføre ressursbasen *nynorskbok.no*, med tips om gode nynorskbøker til bruk for ulike målgrupper. Det viser at i besøksstatistikken, der talet er nesten dubla sidan 2015. Vi er også godt nøgde med at auken i bruken av hovudsida *nynorsksenteret.no* held fram.
- Bloggen *Iver* vart lansert i januar 2016. Her legg vi ut nye kommentarar om nynorsk og nynorskopplæring tre-fire gonger i månaden. Vi var godt nøgde med 8000 treff på dette nye tilbodet i fjor. I år er talet meir enn dubla.
- I desember gjentok vi fjorårets suksess med boktipskalender på Facebook. Kvar dag frå 1. til 24.12. publiserte vi videoar på 1-2 minutt med boktips for ulike aldersgrupper. Responsen var svært god. Tipsa ligg no permanent tilgjengeleg på *nynorskbok.no*.
- Felles for dei fire tilboda med nedgang i brukartala at dette er gamle nettressursar som vi ikkje har fornya eller marknadsført spesielt i 2017.

VEDLEGG 3: Rekneskapsrapport 2017

Årsrekneskap 2017 for **Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa**

Tal i heile tusen kr

Oppgave/ Prosjekt	Inngående balanse pr. 1.1.2017	Tildeling 2017	Suppl. tildeling 2017	Andre/ekst. inntekter 2017	Til disp. 2017	Budsjett 2017	Omdisp. 2017	Forbruk pr. 31.12.2017	Utgående balanse pr. 31.12.2017	Merknader
Grunntildeling 2017	355	7900	0	0	8255	8255	0	7898	357	Budsjettet for 2017 hadde ein UB i 0. Endeleg resultat for 2017 viser +357. Dette er i samsvar med merkningen i tertialrapporten for 2. tertial (pr. 31.8.). Den viktigaste grunnen til at NSNY enda litt over budsjett, er at vi gjennom året har hatt færre årsverk enn planlagt. I haust har vi m.a. hatt ei vakant stilling, noko har gitt både lågare samla lønsutgifter og lågare dekningsbidrag til vertsinstitusjonen enn budsjettet. (Dekningsbidraget blir utrekna med utgangspunkt ein ein fast sats pr årsverk.) Eit par langvarige sjukmeldingar som ikkje har blitt dekt inn med ordinær vikarbruk, har også bidrege til overskotet. For dei andre store postane i rekneskapan er det etter måten små avvik frå budsjettet.
SUM Grunntildeling	355	7900	0	0	8255	8255	0	7898	357	
Særskilde oppdrag 2017										
Barnehagesatsing	87	0	0	0	87	87	0	87	0	IB var ein rest etter ekstramidlar løyvt i 2015. Midlane er brukte som planlagt, til revisjon og teknisk omlegging av ein nettressurs for barnehage og småskule.
SUM særskilde oppdrag 2017	87	0	0	0	87	87	0	87	0	
SUM tildelingar 2017	442	7900	0	0	8342	8342	0	7985	357	
Eksternt finansierte oppdrag	0	0	0	0	0	0	0	0	0	

Volda, 15.2.2017
Torgeir Dimmen
Senterleiar

HØGSKULEN I VOLDA
ØKONOMIKONTORET
Org.nr. 974 809 672

Volda, 15/2-18
Ingunn Wille